



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Anne Eli Wangen  
Telefon: 57 65 55 18  
E-post: aew@fmsf.no

Vår dato  
02.11.2010  
Dykkar dato

Vår referanse  
2010/15119 - 733.0  
Dykkar referanse

Helse - og omsorgsdepartementet  
postboks 8011 Dep  
0030 OSLO

## Oppfølging av opplysningar framkomne i media om ventelister for sjukeheims plass

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane syner til brev dagsett 27.10.2010.

Saka gjeld oppslag i media om at fleire enn 200 kommunar i landet har ventelister på sjukeheims plass. I følgje TV2 si kartlegging har 19 av 26 kommunar i Sogn og Fjordane slik venteliste. Helseministeren ber om vår vurdering av tilstanden i omsorgstenestene i kommunane.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har teke kontakt med ein del av kommunane som i følgje TV2-kartlegginga har "ventelister". Vi får opplyst at dei tilsette i kommunane var usikre på kva som vart etterspurt i kartlegginga til TV2. Omgrepet "venteliste" er difor tolka noko ulikt.

I nokre av kommunane syner "ventelista" talet på personar som er tildelt og har fått vedtak om sjukeheims plass, men som ventar på at det skal verte eit ledig rom. Dei fleste av desse har alt eit tilbod frå kommunen, til dømes i form av heimesjukepleie/heimehjelp eller korttidsopphald. Andre kommunar opplyser at dei har tolka spørsmålet om "venteliste" som talet på mottekne søknader, men der søknaden ikkje er behandla og der det ikkje er gjort vedtak i saka. Søknadene gjeld både sjukeheims plass, bustad med heildøggers omsorgstenester og omsorgsbustader utan slikt tilbod.

Det vart også opplyst av nokre av leiarane vi var i kontakt med, at etterspurnaden etter sjukeheims plass og presset på kommunane om slike tenester er høgt i periodar. Det er ikkje alltid samsvar mellom pasient/ pårørande sine vurderte behov for og ønskje om sjukeheims plass og kommunen sine vurderingar. Alle som har eit hjelpebehov får tilbod om tenester. Dersom kommunen ikkje kan gie dette i form av sjukeheims plass, vert det gjeve tilbod om hjelp i heildøggers bemanna omsorgsbustad eller heimetenester i eigen heim.

Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har handsama 8 saker som gjeld klage på vedtak om avslag på søknad om sjukeheims plass det siste året. Det vart ikkje gjeve medhald i klagen i nokon av sakene.

I følgje KOSTRA-tala for 2009 er dekningsgrad i Sogn og Fjordane målt som del plassar i institusjon og heildøggersbemanna omsorgsbustad i prosent av befolkninga 80 år og eldre 27%. Gjennomsnitt for landet utanom Oslo er 28%. Dekningsgraden varierer noko mellom kommunane, frå 18% i Årdal til 52% i Balestrand.

Kommunane i Sogn og Fjordane har organisert tenestene ulikt. Nokre av kommunane har redusert talet på sjukeheims plassar og bygd ut omsorgstenestene med omsorgsbustader og

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 65 50 05  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 65 50 00  
Telefaks: 57 72 32 50


E-post:  
post@fmsf.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

tenester i eigen heim. Andre kommunar har prioritert institusjonstilbod framfor omsorgsbustader og heimetenester.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane kartla kommunane sine vurderte behov for nye einingar som del av arbeidet med Omsorgsplan 2015 og investeringstilskotet til sjukeheimar og omsorgsbustader i desember 2008. Kommunane i fylket gav tilbakemelding om behov for 700 nye og ombygging av gamle einingar innan 2015. Få av prosjekta er førebels realiserte.

Vi vurderer at fleire av kommunane er i ein pressa situasjon når det gjeld etterspurnad etter sjukeheimsplassar. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i dag likevel ikkje opplysningar som tilseier at personar med behov for heildøggers omsorgstilbod ikkje får forsvarleg hjelp frå helse- og omsorgstenestene i kommunane i fylket.

Med helsing



Oddvar Flæte  
fylkesmann



Linda Svori  
konst. fylkeslege